

# TRUSOPPLÆRING

## No er det vår tur!

Som det 2. prostiet i Møre bispedømme skal alle menighetene i nordre Sunnmøre prosti innføre trusopplæring for aldersgruppa 0-18 år. For Ellingsøy betyr dette at vi får 1/4 stilling som kyrkjelydsspedagog og ca. 15.000 i året til drift av trusopplæringa.

Ellingsøy, desember 09



LysVaken. Populært med orgel

Vi har allereie starta opp!



LysVaken. Tjueein 11-åringar låg over i kyrkja. Dei øvde til gudsteneste, laga varmluftsballong, leika, åt og kosa seg. ...og lærte om kva hellig er, om Moses og tornebusken, om nattverden og Jesus som 12 åring i tempelet.

[Hanne Skjønberg Hagen, Kirsti Skjønberg og Wendi Sund Stråbø var på trusopplæringskonferansen i haust og ble inspirerte!](#)


## Innføringskurs

"Forankre trusopplæringsreformen godt lokalt."

Her kan DU vere med å forme Trusopplæringa på Ellingsøy.

Det blir middag til alle som kjem, meld deg på til Wendi

## Plan for trusopplæringa på Ellingsøy



No er det er berre å setje kreativiteten i gang!

I styringsgruppa for trusopplæringa på Ellingsøy sitter: Eli Mona Bunes, Kirsti Skjønberg, Bjørg Slotsvik, Wendi stråbø (kyrkjelydsspedagog) og soknepresten (Reidar Standal. Mentor er Magnar Hjertnes

Alle kyrkjelydane må i løpet av våren få fram ein plan over tiltak i trusopplæringa. Planen skal godkjennast av biskop hausten 2011.

Vår trusopplæringsplan skal tilpassast vår kyrkjelyd. Våre opplegg skal ha forankring i nærmiljøet og vere slik at så mange som råd mellom 0-18 år blir med. Dette er spennande og utfordrane. Det er og noko som dei fleste andre stadar har ført til at mange fleir føler ei nærare tilknytning til kyrkja si. I planen skal det vere ein samheng og ei bredde over det teologiske. Når dei er ferdige som 18-åringar skal dei ha fått ei systematisk opplæring i kristen tru og blitt trygge på si eiga tilhøyrgheit og tru. Slik at dei kan møte dagens flerkulturelle utfordringer med en identitet som kristne og med respekt.

[Trosopplæringa er ikkje i staden for det kristne arbeidet som allereie er på øya. Det er kjempeviktig og må få all vår støtte. Eit godt samarbeid her vil bere frukter for alle!](#)